



Årsmelding for Jordvernforeininga i Bømlo 2017

Styret

Styret har vore samansett av:

Jan Sigve Særsten Robberstad – leiar

Ståle Sakseide – nestleiar

Kåre Habbestad – kasserar

Eli Tverborgvik – skrivar

Lars Økland – styremedlem

Gina Digernes – 1 .varamedlem

Gunnhild Grindheim – 2. varamedlem

Harald Tverborgvik, Solveig Særsten og Sverre Leon Larsen – valnemnd

Aktivitet i lokallaget

Styret arbeider mot media, politikarar og innbyggjarane i Bømlo kommune for å setja eit sterkt jordvern på dagsorden. Det vert skrive uttalar til reguleringsplanar der matjord, inkludert beitemark, kulturminne og biologisk mangfald står i fare.

Det har vore åtte styremøte i løpet av året. Det har vore skrive uttale til oppstart av reguleringsplan og konsekvensutgreiing for strekninga Ekornsæter-Sakseide. I løpet av året har det vore skrive to lesarbrev om nye vegstrekningar i Bømlo kommune, Fv 541 Hestaneset-Sakseide og Ekornsæter-Sakseide. Desse har vore

på trykk i Bømlo-nytt og Sunnhordland, og på nett i desse to avisene og i tillegg var det første på nett i Haugesunds avis.

Jordvernforeininga har fått laga to dronefilmar som illustrerer problematikken ved desse nye vegstrekningane, når det gjeld matjord, dyreliv, urørt natur, konsekvensar ved fylling i ureina våg osv. Desse filmane vart publiserte på Facebook sida til foreininga, og har oppnådd stor merksemd, og heva debatten om dei inngrepa som kan komma til å skje i urørt natur og beiter. Produksjon av desse filmane har kosta Jordvernforeininga, meir enn me har på konto. Medlemar av styre har lagt ut for kostnadene.

Styret har hatt eit møte med samfunnsplanleggjaren og landbrukssjefen i Bømlo kommune for å drøfta jordvern i kommunen, samt deltaking i den nye kommunelpanen.

Leiar i Jordvernforeininga deltok på eit kurs arrangert av Hordaland Bondelag med tittelen: «Kurs i arealforvaltning – korleis bli høyrd som grunneigar». Han var invitert til å halda eit innlegg under overskrifta: «Korleis jobbe lokalt».

Ein representant frå styret deltok i ei markering av eittårsdagen for nasjonal jordvernstrategi framfor Stortinget. Dette resulterte i oppslag i media.

Økonomi

Det var 31 medlemmer i 2017, av desse har 21 betalt kontigent. Det vart motteke stønad frå følgjande organisasjonar: Landbruksdagane i Bømlo, kr 1000,-. Hordaland Fylkeskommune kr 19500,-. Kontigentpengar til foreininga kr 4200,-.

Bokførte utgifter var 26498,-. Utgiftene var til dekking av produksjon av 2 stk filmar med kr 9000,-. Kostnad ved opprettning av nettside, <http://jordvern.no/2842.2702.Bomlo.html> kr 4500,-. Vidare hadde me utgifter ved dekking av reise for utsending for deltaking på Jordvern markering utanfor Stortinget. Annonser i Bømlo-nytt og Sunnhordland, samt annonsering på Facebook. Honorar og dekking av reiseutgifter til føredragshaldar Torstveit kr

2600,-. Diverse rekvisita kr 230,-. Fullstendig reknskap blir lagt fram på årsmøte.

Arrangement

Februar 2017 hadde foreininga føredrag med leiar i Hordaland Bondelag, Taule, samt landbruksleiar, Slettebø, frå Bømlo. Dei tala om jordvernet og viktigheita av ivaretaking av kulturlandskapa og de biologiskemangfaldet.

Jordvernforeininga deltok på stand på Landbruksdagen. Der stod alle politiske partia på stand. Jordvernforeininga nytta høve til å tala jordvernet, og det biologiske mangfalte si sak for folket.

Det vart 7. september arrangert eit ope møte på Bømlo Folkebibliotek med tittelen «Matvaretryggleik og trusselvurderingar». Det var først eit føredrag ved Dagfinn Torstveit om dette temaet, etterfølgd av innlegg frå dei fleste politiske partia i kommunen om deira syn på problematikken. Til slutt vart det opna for spørsmål frå salen. Det føreligg eit eige referat frå dette møtet. Møte vart direkte sendt på facebook, og ligg der enda.

Jordvernforeininga i Bømlo var også medarrangør på eit ope møte på Biblioteket på Stord Kulturhus med tittelen: «Den grøne revolusjon, kunnskapen som endrar alt». Her heldt Dag Jørund Lønning først i eit innlegg om mold, basert på si nye bok «Jordboka». Etterpå fortlade Anne Lise Sortland og Kjell Lønning litt om andelslandbruket på Stord.